

# Diakonen i Peking

**Diakonene Trond og Grete Fotland ble med ett rikskjendiser under oppstanden i Kina. Alle husker vi TV-bildene av Grete og babyen på Fornebu få dager etter fødselen i det urolige Peking. Steinar Sandvik ga Trond ytterligere et navn i nyhetene gjennom Jærbladet.**

## Steinar Sandvik, Jærbladet

Trond Fotland (33) er truleg den einaste norske ambassadesekretären som er utdanna diakon. Stillinga som senolog (Kinaeksperter) ved Den norske ambassaden i Peking vart han oppfordra til å søke. Føresetnaden vart at han kunne snakke kinesisk. Eit levande oppslagsverk som skal vere kontaktledd mellom ambassaden og Kina, kallar han sjøv arbeidet sitt.

Det kan verke som om sjukepleiaren med teologi/diakoni i til-


leggsutdanning ikke får nytte si formelle utdanning i Kina. Trond Fotland er en aktiv kristen. Det legg han ikkje skjul på. Han ser difor at han som kristen og har oppgåver i Peking. Folk i dagens Kina er svært opne og viser stor interesse for kristendom. Dei er og nyfikne på vestleg tankegang. Folk i Kina er rett og slett svoltne på det som skjer i Vesten.

Etter åtte år i Kina og før det oppvekst på Taiwan har ikkje Trond Fotland problem med å føle seg heime i Norge. Men han tykker det er interessant å bu i Kina, og utfordringane er større enn i Norge. I Norge er alt lagt fast. Derimot skjer det ting i Kina. Folk diskuterer framleis fridom, demokrati og andre emne som er sjølvtagde for ein normann.

Alt frå fødselen i 1956 har Trond Fotland levd eit omflakkende liv. Han vart fødd i Molde, og vel to månader gammal reiste han saman med foreldra til Taiwan der han vaks opp. I femårsalderen bar det tilbake til Norge og norsk skule. Fra han var ni til 12 år var han igjen busett på Taiwan. Han fullførte ungdomsskule og gymnas i Norge før han budde nok eitt år på øya i det kinesiske havet.

Periodane heime i Norge var dei tre brørne stort sett åleine med mora. Faren var einaste kirurg på sjukehuset som var bygt opp på Taiwan. Difor følte faren at han måtte vere der.

Oppveksten på Taiwan var ei

**DAIKONENE**

*Grete og Trond Fotland og barna Astri Helene, 5 år (til høyre), Frøydis Miriam, 3 år (til venstre). Tredjemann Øystein Daniel, født 4. juni 1989 var ikke til stede da bildet ble tatt.*

fin tid. Trond Fotland vaks opp saman med kinesiske venner og lærte på denne måten språket. På sjukehuset var språket engelsk, i heimen norsk og mellom vennane kinesisk.

I 1981 kom Trond Fotland tilbake til Østen, denne gongen til fastlandet. Han og Grete Ofstad, som seinare vart kona hans, hadde fått stipend til å studere klassisk kinesisk. Dei var då ferdige med utdanninga på Diakonhjemmet. Åtte år har gått og enno har Trond Fotland og familien sitt virke i Kina.

Før Kristoffer Fotland, far til Trond, kom til Taiwan, hadde han vore 12 år på det kinesiske fastlandet. Der du kjem først, der vert og din første kjærleik. Slik var det med Kristoffer Fotland. Fortel-

jingane frå Kina gjorde barna nyfikne. Dei ville finne ut korleis det var på fastlandet.

I studietida vart Grete og Trond gifte. Sjølv om ikkje studentar hadde lov til å gifte seg, fekk dei løyve, og bryllaup kunne feirast. For vel eitt halvt år sidan fekk Trond Fotland sittinga ved Den norske ambassaden i Peking. Før det hadde han arbeida som seljar i eit amerikansk datafirma og i ein humanitær organisasjon som formidla kristne arbeidarárar til Kina.

Kontrakten med ambassaden er på to år og kan forlengast med eitt år. Trond Fotland reknar med at han vert i Kina to år til. Då har eldste dottera blitt så gammal at ho skal ta til på skulen. Og Grete og Trond Fotland vil helst at skulegangen skal føregå i Norge.